

# Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME i Helse Vest

## Handlingsplan 2017

---

### *Bakgrunn*

Hovudoppgåva til Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får likeverdig tilbod i HF-a. Til grunn for skissa av Handlingsplanen 2016 er rapport om «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest*» (2013) og Nasjonal rettleier frå 2014 som omhandlar «*Pasientar med CFS/ME: utreiing, diagnostikk, behandling, rehabilitering, pleie og omsorg*» frå Helsedirektoratet er blitt nytta. Andre aktuelle dokumenter har vore «*Forskrift om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator*» (2012).

### *Mandat*

Etter anbefalingar i rapporten: «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest, 2013*» har det Regionale kompetansenettverket fått følgjande mandat:

Kompetansenettverket søker å etablere gode pasientforløp med koordinering av tenestene. Nettverket skal utarbeide felles prosedyrar som bør vere like på tvers av HF-a. Kompetansenettverket skal legge til rette for erfaringsutveksling mellom HF-a og til kompetansehevingstiltak i regionen. Dei skal vidare planlegge og gjennomføre minst eit årleg seminar/konferanse for aktuelle tenesteytarar i regionen. Her skal kompetansenettverket vurdere om det er hensiktsmessig å invitere inn tenesteytarar frå primærhelsetenesta. I tillegg skal dei bidra til eit konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta. Det vil vere hensiktsmessig å samarbeide med praksiskonsulentane i HF-a, samt et samarbeid med Nasjonalt kompetansenettverk for CFS/ME, for å sikre lik tilnærming nasjonal til gruppa.

### *Handlingsplan 2016*

I arbeidet med skissa av handlingsplanen for 2016 har den Regionale kompetansegruppa for CFS/ME kome med forslag til tiltak ut ifrå dei ulike punktane i mandatet. Mandatets hovudoppgåver er forsøkt forenkla og nytta som overskrift i kvart punkt i handlingsplanen med **utheva**

skrift. Tiltaka er formulert på bakgrunn av dei innspela kompetansegruppa ga i planmøtet i desember 2015 og oppfølginga i etterkant av dette. Tiltaka er presentert i underpunkter under kvart hovudpunkt.

#### *Avtalte møter for 2017*

9 februar 2017, frå klokken 11.30 til 14.30

1. juni 2017, frå klokken 11.30 til 14.30

14. september 2017, frå klokken 11.30 til 14.30

1. november 2017, frå klokken 11.30 til 15.00

2. November 2017: Konferansedag i Bergen (eller der kor gruppa bestemmer)

Nesttun 09.1.2017

#### **Merethe Hustoft**

Stipendiat/Nettverkskoordinator

Regionalt kompetansesenter for  
habilitering og rehabilitering i Helse Vest



Telefon: 55 91 85 43/ 480 37 840/video:90 77 84

[www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab](http://www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab)

#### **HANDLINGSPLAN 2016**

Kompetansenettverkets hovudoppgåve er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får eit likeverdig tilbod.

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
1	<p><b>Etablere gode pasientforløp med god koordinering av tenestene:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Etablere fagnettverk for vaksne</li> <li>2. Etablere fagnettverk for born</li> </ol>	HF repr	Brukerrepr Andre?	2017	
2	<p><b>Bidra til konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Tilby rettleiing og kompetanseheving til ulike avdelingar i spesialisthelsetenesta</li> <li>2) Utforme og utvikle spesialisthelsetenesta si rolle ovanfor kommunane.</li> <li>3) Etablere eit samarbeid mellom HAB/REHAB</li> <li>4) Bli kjent med kommunanes sine oppgåver for pasientgruppa (IP/koordinator funksjonen i kommunen)</li> <li>5) Utvikle tiltak for rettleiing og kompetanseheving til kommunehelsetenesta</li> <li>6) Invitere og samarbeide med praksiskonsulentane for å planlegge tiltak ang. samhandling på tvers av tenesteområder</li> </ol>	HF repr	Brukerrepr Samhandlings- konsulentar Fagnettverk Andre?	2017	

3	<b>Erfaringsutveksling mellom Helseføretaka:</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Utvikle program for skolering, opplæring og erfaringsutveksling til alle HF</li> <li>2) Undersøkje erfaringa vi har i Helseføretaka</li> <li>3) Planlegge og sette opp nettverksmøter</li> <li>4) Nettverksgruppa blir informert om PhD arbeid frå kompetansetenesta</li> <li>5) E-læringskurs</li> <li>6) Videokonferanse</li> </ol>	HF repr	Brukerrepr Samhandlings- konsulentar Fagnettverk Andre?	2017	
4	<b>Gjennomføre årleg konferanse</b> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Plan for innhald i seminar 2017 (detaljer seinare)</li> <li>2) Nytte brukarerfaringar</li> <li>3) Praktisk planlegging</li> <li>4) Samarbeide med Nasjonal kompetanseteneste for CFS/ME for bidragsytarar til seminaret/konferansen</li> <li>5) Inkludere kommunane i arbeidet med konferansen</li> </ol>	HF repr	Brukerrepr Representant frå kommunane Andre?	2017	